

## Eldre i døgnbehandling

Dei hyppigaste psykiske lidningane hos eldre er dei same som hos den yngre del av innbyggjarane og kan bli behandla på same måte som yngre. Eldre kan i tillegg ha andre, aldersrelaterte utfordringar. I fleire europeiske land har 35 % av dei eldre hatt ei psykisk lidning i løpet av det siste året, og norske studier viser ein auke i førekomsten av depresjon hos eldre. Førekomsten av demens er på 5-10 % hos eldre. Psykiske problem er ofte samansette, og utgreiing og behandling skjer både i primærhelsetenesta, geriatriske, nevrologiske, alderspsykiatriske og allmennpsykiatriske avdelingar og poliklinikkar. Organisering av tenestene kring psykisk lidning hos eldre er ulik i ulike delar av landet.

### Utval og definisjonar

Pasientar i alderen 65 år og eldre som i 2014–2018 hadde minst eitt døgnopphald i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar er inkludert.

Døgnopphald er definert som opphald på meir enn null døgn i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar. Døgnopphald med mindre enn åtte timar mellom utskriving og ny innskriving er slått saman. Opphald lengre enn 365 dagar er ekskludert. Årsratane er registrert på året pasienten blei utskrivne.

Buområde	Tal pasientar	Tal opphald	Døgn per opphald
OUS	171	230	38,8
Ahus	281	370	35,3
Diakonhjemmet	102	141	34,2
Stavanger	228	322	32,6
Bergen	383	561	30,8
Telemark	175	238	29,5
Innlandet	299	464	28,5
Finnmark	51	76	27,3
Nordland	130	172	26,9
Lovisenberg	85	139	26,8
Vestre Viken	305	483	26,7
Helgeland	65	89	26,4
St. Olavs	222	367	26,3
Østfold	205	275	26,2
Vestfold	152	193	24,1
UNN	154	246	23,4
Sørlandet	199	298	22,8
Fonna	156	244	22,0
Førde	97	152	21,7
Nord-Trøndelag	102	151	20,3
Møre og Romsdal	250	426	19,2
Noreg	3 813	5 634	27,4


Døgnbehandling for eldre (65 år +) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar. Tal pasientar, tal opphald og døgn per opphald fordelt på bområde og landet. Gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018).

### Resultat

Kvart år hadde omtrent 3 800 eldre pasientar døgnopphald i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling, til saman over 5 600 opphald per år i Noreg.

Pasientraten varierte i bområda frå 4 til 8 eldre i døgnbehandling per 1 000 innbyggjarar per år. Opphaldsraten varierte i bområda frå 5 til 13 døgnopphald per 1 000 innbyggjarar, med 7 som gjennomsnittleg årsrate.

Opphald for eldre varte i gjennomsnitt 27 døgn, og varierte mellom bområda frå 19 til 39 døgn per opphald.



Kjelde: NPR/SSB

Opphaldsrata for døgnbehandling for eldre (65 år +) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar: Tal døgnopphald per 1 000 innbyggjarar, fordelt på bområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018) og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

### Kommentar

Variasjonen i opphaldsratar er moderat for eldre i døgnbehandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar. Det er forholdsvis få pasientar og ratane kan derfor innehalde større innslag av tilfeldig variasjon.

Det er likevel nær tre gonger fleire opphald per innbyggjar i bområde med høgast rate enn i bområde med lågast, og nesten dobbelt så mange døgn per opphald i bområde med flest døgn enn i bområde med færrest. Dette gir mistanke om at innbyggjarane ikkje har eit likeverdig behandlingstilbod.